



## REFERAT – KOMMUNEREFORM

### Møte på Kommunehuset Smia

04.10.2018 kl. 10:30

#### Til stades:

Rune Sjurgard, Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland, Rådmann

Hovudtillitsvalgt Delta, Norunn Helene Holmøy-Wang

Hovudtillitsvalgt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter

Joakim Rødven (referent)

#### Agenda:

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<b>1. Lokalisering</b>	
<p>Før møtet sendte prosjektleder Rune Sjurgard ut eit utkast til notat om lokalisering. Dette er framleis under arbeid og dermed ikkje vedlagt i referatet. Styringsgruppa gjekk gjennom og drøfta innhaldet i det førebelse utkastet. Notatet vert også tatt opp i leiargruppa for nye Volda kommune neste veke.</p> <p>Prosessen er å ferdigstille og sende ut notatet til drøfting i Fellesnemnda 18. oktober. Dette skal så bli meldt opp som ei politisk sak anten rett før eller rett etter nyttår for endeleg handsaming. Dei tillitsvalde skal også bli involvert i denne prosessen.</p> <p>Prosjektledaren la vekt på at ein no begynner å røre på det som kan vere litt «touchy» for tilsette. For å gjere dei tilsette mest mogleg informerte var det semje i styringsgruppa at det vil vere nyttig å leggje opp til sektorvise informasjonsmøte.</p>	RS

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<b>2. Saker til fellesnemnda til neste møte</b>	
<p>Følgjande saker vart førebels sett opp på sakskartet:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Valkrins</li><li>• Budsjettkontroll</li><li>• Lokaliseringsnotat (drøfting)</li></ul>	IJJ KMS RS

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Statusoppdatering frå kulturbyggingskomité (orientering)</li> <li>• Statusoppdatering frå Heraldikkkomité (orientering)</li> <li>• Oppdatering rundt prosess med kommuneslagord (orientering)</li> </ul>	OHS JT JR
---	-----------------

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<b>3. Orientering om grensesaka med Ørsta</b>	
<p>Prosjektleder Rune Sjørgard orienterte styringsgruppa om arbeidet som har blitt gjort, og vidare prosess, i samband med grensejusteringa av Bjørke og Viddal krins.</p>	Prosjektleder og Ørsta kommune

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<b>4. Eventuelt</b>	
<p><b>Frikjøp av tillitsvalde</b> Under eit møte med dei tillitsvalde for kort tid sidan vart det reist spørsmål om frikjøp. I samband med møter relaterte til sektorprosessane er det enkelte tillitsvalde som opplever at det er ei differensiering på graden av frikjøp.</p> <p>Prosjektledaren foreslår at ressursgruppene får leggje fram sine problemstillingar for personalsjefen, som så tek opp desse problemstillingane i leiargruppa for nye Volda.</p> <p><b>Frivilligsentral</b> Ann Kristin Langeland har vore i møte med Hornindal frivilligsentral. Det må avklarast om frivilligsentralen i Hornindal skal verte ein del av den kommunale eller halde fram som stifting. Vidare må ein avklare innhald, lokalisering mv.</p> <p>Prosjektleder Rune Sjørgard foreslo at dette etter kvart vert å ta opp til politisk behandling, der ein ser på innhald i dimensjonering av Frivilligsentralen og ser på kva denne tenesta skal vere i den nye kommunen.</p> <p><b>Referat på <a href="http://www.nyevolda.no">www.nyevolda.no</a></b> Det vart stilt spørsmål om referat frå ressursgruppene i dei ulike sektorprosessane vert lagt ut. Så langt har dette ikkje blitt gjort. Om desse referata skal leggjast ut på prosjektet si heimeside må desse referata sendast til kommunikasjonsrådgjevar for vidare oppfølging.</p> <p><b>Slagord</b> Kommunikasjonsrådgjevaren orienterte om at det har kome inn om lag 30 forslag til nytt slagord. Etter å ha gått gjennom aktuelle forslag med prosjektleder og dei to ordførarane vert det landa 6 kandidatar som vert lagt ut til avrøysting på <a href="http://www.nyevolda.no">www.nyevolda.no</a></p>	<p>Ressursgrupper + personalsjef</p> <p>AKL</p> <p>Dei ansvarlege for sektorprosessane + JR</p> <p>JR</p>

<p><b>Brannordning</b>  For vel eit års tid sidan vart det gjort ei ROS-analyse av brannordninga i Volda kommune. Å få ei slik vurdering har eit kostnadsnivå som gjer at ein kan gå på direktekjøp. Prosjektleiaren føreslo å setje av ein sum knytt til dette i neste budsjettsak i Fellesnemnda.</p> <p>I samband med brannordning, er det no ute ei høyring på ny forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen. For kommunane i Nordfjord vil det verte gjort ei felles saksutgreiing med forslag til høyringsuttale. Ann Kristin Langeland presiserte at forskriftene kunne bety at dersom Hornindal skulle halde fram som i dag, vil dette kunne koste Hornindal kommune ytterlegare 2 millionar kroner i året.</p>	<p>RS/KMS</p> <p>AKL</p>
--	--------------------------

**Møtet slutt kl. 12:00**

Volda, 05.10.2018



**Joakim Rødven**

*Kommunikasjonsrådgjevar  
Samfunn og Rådgjeving*

*Mobil 48229993*

*[www.nyevolda.no](http://www.nyevolda.no)*